Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1.

Emnenr. 29.

Fylke: Rogaland.

~~Tilleggsspørsmålnr.~~

Herad: Nedstrand.

Emne: Julenissen

Bygdelag:

Oppskr. av: A. Ausland

Gard:

(adresse): Auslandsvåg.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Spm. 1:

Til å kunna nøye tilfesta kor langt attende ein maa gaa for å raaka paa julenissen torer eg ikkje, meddi gamle folk kanskje blandar saman julenissen og julebukken, kan eg ottast for.

Visst er det, at julebukken er kjent lenge før julenissen her i bygda, etter det eg kan skyna.

Julebukken visste dei i alle fall om saa langt attende som 80–90 aar – kanskje 100 år.

Derimot har eg ikkje kunne faatt noko vissa for, at segnene om julenissen her er stort eldre enn ein halvt hundra aar.

Og so vidt det gaar fram av det, som er meg fortalt, saa var det helst der ungdomen var samla til tidarfrøyd i julehelga, at julenissen innfant seg. Ein mann i 80 aars alderen kan fortelja, at som 16–17 aars gut var han tilstades i eit ungdomsgilde med jula.

Der kom det ein nisse (ikkje bukk so vidt eg kan skyna) han fortel, at den var kladd i trøye med raude ermar og kvit nattlue.

Elles fekk han ikkje saa nøye studera karen, daa han med nokre andre vart jaga heim fraa gildet, avdi dei var for unge å vera med i laget.

6883

Men om julebukken fortel ein annan mann i 75 aars alderen, at han og nokre andre ungdomar kledde seg ut, som julebukk og gjekk millom andre stader inn til ei saa gamall 80 aars kjerring. Ho vart ikkje det minste overgjeven, men sa berre: „Sa er det denne som er ute å går, — du maa koma inn stakkar."
Eg trur som sagt, at nissen vart kjend paa festar og husvitjing før han kom paa julekort og julehefte.
Sjølv har ikkje eg havt føling med julenissen i mi unge alder.

Spm. 2:
Noko julegåver veit eg ikkje av, at nissen har med seg, naar han kjem på vitjing. Derimot er det mykje vanleg, at han faar seg godter av dei han vitjar.

Spm. 3:
Det er ungdomane — gutar og jenter. Dei skal helst vera smaa av vekst.

Spm. 4:
Det er alltid maske med kvitt skjegg og raud topphue. Klædbunaden elles kan vera saa ymse — men knebukser er mykje vanleg.

Spm. 5:
Maskene og topphua vert no til dags kjøpt.

Spm. 6: Det veit eg ikkje noko om, kva dei gamle brukte soleis. Truleg ikkje, daa det visstnok oftast var eit skinn, dei tok over seg og knytte til slik, at dei fekk bukkehorn.

Spm. 7: Nei, noko julebukkar høyrer eg no ikkje om, det er berre julenissar, det eg veit om.

Sp.m. 8: Ja eg trur nok, at det er noko samband millom vaar tids nisse og gamlenissen i saa maate.

6883
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Spm. 9:
Son til gamlepresten i bygda, som gjekk
les saman med meg (67 aar gamall)
fortal, at jülaafta kom fineste drengen i
prestegarden til dei borni og sa, at no
skü dei gaa med godtet til nissen
Han hadde dette i ei skaal eller paa ein
tallerken (og hügsar ikkje det saa visst).
Dei gjekk i kjörrehüset med det, og
sette skaala – tallerkenen – i karjolen.
Og så sa drengen: „I morgo skal vi sjaa
om han har vore her og teke det."
Og ganske sikkert, naar dei kom om
morgonen og skülle sjaa ette var det
fare.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6883